

## Regionrådet Vest 2012

Regionrådet Vest, som vart etablert i januar 2010, skal vera eit rådgjevande og koordinerande organ for kommunane Askøy, Fjell, Sund og Øygarden. Rådet skal fremja forpliktande samarbeid mellom kommunane og vidareutvikling av regionen. Sekretariatsfunksjonen er lagt til den kommunen som har styreleiar. For tida er Sund-ordførar Ove Trellevik leiar i styret. Fjell-ordførar Eli Årdal Berland er nestleiar. Regionrådet har også nytta sekretærhjelp frå Askøy kommune ved Per Hillestad i tillegg til Anne Grete Hareide, Sund kommune. To gonger i året vert formannskapa i dei fire kommunane kalla inn til Tinget i Vest for å drøfta ulike utviklingstema for regionen. På heimesida [www.regionradetvest.no](http://www.regionradetvest.no) vert det lagt ut informasjon om kva regionrådet arbeider med.

Rådmennene i dei fire kommunane, som også har tale- og møterett i styremøta, har eigne rådmannsmøte for å førebu saker til styret.



*Styret i Regionrådet Vest med dei fire ordførarane i region vest. Frå venstre Otto Harketad (Øygarden), Siv Høgtun (Askøy), Eli Årdal Berland (Fjell) og Ove Bernt Trellevik (Sund)*

Dei fire samarbeidskommunane i region vest arbeider med om lag 20 prosjekt der regionrådet har ei koordinerande rolle. I tillegg kjem ei rekkje ulike prosjekt på ulike nivå mellom to eller fleire av kommunane i regionen. Fleire prosjekt er knytt opp mot Helse Bergen i samband med samhandlingsreforma.

### **Betre saman for barna**

I 2012 har regionrådet arbeidd vidare med prosjektet "Betre saman for barna" og lagt fram forslag til oppretting av utvida samarbeid om felles barnevernsvakt og felleskontor for oppfølging av fosterheimplasserte barn i region vest. Kontoret er føreslått lokalisert på Askøy. Sakene vert behandla i dei fire kommunane i 2013. Arbeidet med dette prosjektet har i 2012 vore leia av prosjektleiar Torgeir Sæter.

### **Helse- og omsorgsprosjekt**

I september vart Lindrande eining på Askøy offisielt opna. Dette er ei avdeling ved Kleppstø sykehjem som vert drive i fellesskap mellom kommunane i Regionrådet Vest, Kreftforeningen,

Helse Bergen og Kompetansesenteret i lindrende behandling i Helseregion Vest. I første omgang har eininga fire sengeplassar, men kan utvidast om behovet aukar.

I 2012 vart det utarbeidd status for planane om lokalmedisinsk senter på Straume. Senteret kan stå klar til bruk i 2017.

### **Interkommunalt plansamarbeid**

Styret går inn for at det vert utarbeidd ein kommunedelplan for strandsone som eit interkommunalt samarbeid mellom dei fire kommunane. Det er også føreslått å utarbeid kommunedelplan for utvikling av næringsareal for kommunane i regionen. Desse to planane er delprosjekt i hovudprosjektet "Plan og byggjesak".

### **Andre prosjekt i regi av Regionrådet Vest**

Via Gode Sirklar er det utarbeidd ein rapport om oppfølging av strategisk næringsplan utarbeidd av Business Region Bergen (BRB). Ei arbeidsgruppe og ei styringsgruppe følgjer opp dette arbeidet.

Styret i regionrådet har arbeidd med eit forpliktande IKT-samarbeid for dei fire samarbeidskommunane. Andre prosjekt knytt til IKT er FeitIKUS (Felles elev IT), BibliIKUS (biblioteksystem) og PasientIKUS (Interkommunalt UtviklingsSamarbeid) og eKommune.

Regionrådet vest har hatt ei koordinerande rolle i mange andre prosjekt og tiltak. Døme på dette er plan, byggjesak og oppmåling med ulike delprosjekt , Interkommunalt kultursamarbeid (IKKUS), ny finansieringsordning for barnehagar, tilsyn for barnehagar, Samordningsmodell for Lokale, førebyggjande Tiltak mot rus og kriminalitet (SLT), rusomsorgsprosjekt på Askøy, Felles Ansvar, regional utvikling/tenesteproduksjon, komparative fortrinn og internkontroll. Andre aktuelle samarbeidsområde og tema er felles forliksråd, felles kemnerkontor, samarbeidsutvalet for bergensregionen (helse), Trigger AS, felles bygningsvernkonsulent, krisesentertilbod, felles ROS-analysearbeid, kommunestruktur, og felles folkehelsekoordinator.

I mange av prosjekta er alle fire kommunane med i samarbeidet. I nokre prosjekt er det to eller tre kommunar som samarbeider.